

Kjetil Kringlebotten

«Å ta vare på Andens einskap...»

*Eit ekklesiologisk studium av Ef 4:3-6.11-16
med særleg fokus på kyrkja sin einskap*

Semesteroppgåve i faget KMAT344:

Nytestamentleg fordjupningsstudium

NLA Høgskulen
Bergen, hausten 2011

Innhald

1	Innleiing	3
2	Tekst- og forfattarspørsmål	3
3	Ef 4:3-6 og 11-16: <i>Einskap og mangfald</i>	4
3.1	Avgrensing og inndeling	4
3.2	Eksegese	6
4	Oppsummering	17
5	Forkortingar og litteratur	19

1 Innleiing

I denne oppgåva skal eg studere Ef 4:3-6.11-16 i eit ekklesiologisk lys, med kyrkja sin einskap som tema. Eg nyttar meg av forskjellige kommentarar og andre verk, frå forskjellige perspektiv, men som eit metodisk utgangspunkt tek eg særleg i bruk Ernest Best sin ICC-kommentar til Efesarbrevet.¹ Efesarbrevet er truleg NT sitt ekklesiologiske hovudbrev, med ein klar samanheng mellom kristologi og ekklesiologi.² Best skriv:

[It] can be said that the thrust of the christology of Ephesians, while not out of line with that of other Pauline letters, or indeed the vaster part of the NT, is ecclesiological, just as its teaching on the church may be described as christological. Yet the link between the theological earlier part of the letter and the paraenetic later part is not christological ... but ecclesiological.³

Ef 4:3-6.11-16 er del av ein lengre perikope, v.1-16, men eg kan ikkje ta for meg heile. Difor fokuserer er på v.3-6 og 11-16, då desse på ein særleg måte fokuserer på einskapstemaet. For disposisjon, sjå innhaldsliste.

2 Tekst- og forfattarspørsmål

Eg tek her utgangspunkt i NA27.⁴ Det er få eller ingen viktige forskjellar i min tekst (v.3-6.11-16).⁵ Eg bruker difor ikkje tid på dette. I fylgje majoritetsmeininga er Efesarbrevet 'deutero-paulinsk.' Best⁶ og Lincoln⁷ argumenterer for majoritets-

¹Best 1998

²Best 1998:49-51

³Best 1998:51

⁴For ei innføring, sjå NA27:49*-76*.

⁵Metzger 1975:604

⁶Best 1998:6-46

⁷Lincoln 1990:lix-lxxiii

synet; Barth argumenterer mot.⁸ Eg let spørsmålet stå ope, men vil (for å skilje mellom 'den sikre Paulus' og forfatternen av Efesarbrevet) bruke nemninga FEF om sistnemnde.

Eg går kort inn på nokre moment, i høve oppgåvetemaet. Sjølv om dei er 'på linje,' påpeiker Best fem viktige forskjellar mellom ekklesiologien i Efesarbrevet og i dei sikre Paulusbrevva:⁹ (1) Efesarbrevet omhandlar primært den universelle (ikkje den lokale) kyrkja. (2) I Efesarbrevet er hovudet for kyrkja *Kristus*, ikkje éin av lemene. (3) Sjølv om Efesarbrevet fokuserer på einskap er nattverden fråverande, i motsetnad til Paulus i t.d. 1Kor 10:16-17; 11:17ff. (4) I Efesarbrevet finn vi apostel- og profetgrunnvollen (2:20), medan dette elles er reservert for Kristus (jf. 1Kor 3:11). (5) Paulus fokuserer på kyrkja sitt forhold til Israel, medan dette er nærast fråverande i Efesarbrevet.

Av desse vil eg poengtere at kyrkja er lokal og universal, både i dei sikre Paulusbrevva og i Efesarbrevet.¹⁰ Eg meiner Israels-spørsmålet er handsama i brevet (Ef 2:11-22), om ikkje like mykje som i dei sikre breva. Med dette går eg vidare til hovuddelen.

3 Ef 4:3-6 og 11-16: *Einskap og mangfald*

3.1 Avgrensing og inndeling

Ef 4:3-6.11-16 er del av v.1-16.¹¹ Perikopens forgrensing er 4:1. 3:21 er ein doksologi, og 4:1 byrjar med eit klassisk 'taktskifte': Παρακαλῶ *οὑν* ὑμᾶς ἐγω. Ved *οὑν* indikerer FEF eit skifte som er kopla til kap. 1-3, evt. berre 3:1-21. FEF skifter over i ein

⁸Barth 1974:3-59.407-409, jf. Carson & Moo 2005:479-497; DSF:275-278.309-315 (Hvalvik)

⁹Best 1998:33

¹⁰Hvalvik 2007:229-236, jf. Skjevesland 1976:69-72.

¹¹Best 1998:334-361.364-376.388; Lincoln 1990:224-234

parænese (Ef 4:1-6:20), og formanar om å halda på einskapen i lys av det føregåande.

Vi ser vidare ei avgrensing innad i perikopen. Fyrst har vi v.1-3, der FEF formanar til einskap. Så, i v.4-6, endrar stilen seg. Versa kan vere eldre (truleg liturgisk) materiale, eller dei kan ha bakgrunn hjå Paulus. Relasjonen til v.2-3 er ukklar. Om den er av kausal art ville eit γάρ vore naturleg i v.4. Eg meiner v.4-6 utdjuvar og innhaldsbestemmer einskapstemaet i v.3, samstundes som dei fungerer som ei 'innleiing' til v.7-16. V.6b kan vere ein allmaktsformel, jf. 1Kor 8:6.¹² Vi ser også at v.7 skifter frå 2. til 1. pers. plur. (ὁμῶν, v.4; ἡμῶν, v.7.) Dette ser vi også ved tekstens bakgrunnsreferens (4:16) der ein går tilbake til 2. pers. plur. (ὁμᾶς, v.17.). FEF introduserer vidare noko nytt ved å skrive *Toῦτο οὖν λέγω*. Dette gjer v.7-16 til ei distinkt eining.

Best gjev Ef 4:1-16 overskrifta *einskap og mangfald*, og deler perikopen i to: *einskap* (v. 1-6); og *einskap og vokster i kyrkja* (v. 7-16). FEF sitt mål er å handsama «the unity of the church and the manner in which it is both built up and preserved through the activity of its office-bearers and members.»¹³ Desse to delane kan også delast vidare inn. V.1-3 formanar til eit godt liv i lys av kap. 1-3; v.4-6 fokuserer på einskapen *som sådan*; og v.7-16 fokuserer på korleis denne einskapen kan halda fram og modnast. Innanfor denne lengre perikopen konsentrerer eg meg om v.3-6 og 11-16. Dette er av tematiske årsaker, då eg fokuserer på kyrkja sin einskap. (V.3 høyrer ikkje naturleg inne med v.4-6, men eg tek dette med på grunn av tema.) V.7-10 tek for seg viktige saker, men går ikkje direkte inn på einskapsproblematikken. I v.11, derimot, byrjar FEF med å ta opp hovudpoenget i v.7-16: korleis einskapen kan halda fram og modnast ved medlemene og 'embetsberarane' i kyrkja. (Eg bruker dette med atterhald for at det er dels anakronistisk.¹⁴)

¹²Best 1998:370-371; Waaler 2008:8-9.

¹³Best 1998:356

¹⁴Skjevesland 1976:118-119; Skjevesland 1998:30

3.2 Eksegese

Eksegesen vil ta utgangspunkt i denne problemstillinga: *Kva består kyrkja sin einskap i, kva samlar ein seg om, og på kva måte vert denne einskapen verna om og utbreidd?* Eg tek med mi eiga omsetjing, då lesinga og omsetjinga av teksten er ein viktig del av det eksegetiske arbeidet.¹⁵ Eg kan ikkje stoppe opp ved alt, men tek for meg det eg ser som sakssvarande for oppgåva sitt tema.

Ef 4,3-6: *Einskap som sådan*

For kontekstens skuld tek eg med v.1-2.

1 Difor formanar eg dykk, eg som er ein fange i Herren, at de må ferdast verdigt det kallet de vart kalla med, 2 med all audmykt og tolsemd, med langmod, så de tåler kvarandre i kjærleik 3 og legg vinn på å ta vare på Andens einskap, i fredens samband;

*4 ein lekam og ein Ande,
liksom de også vart kalla til eitt håp då de vart kalla,*

5 ein Herre, éi tru, ein dåp,

*6 ein Gud og Far for alt,
han som er over alt
og gjennom alt og i alt.*

V.3-6¹⁶ formanar til einskap, tek for seg denne består i, og kva ein samlar seg om.

V.3. Ved presenspartisippen *σπουδάζοντες* (som «implies an active and vigorous effort»¹⁷) formanar FEF til (Andens) *einskap* (*ένότης*),¹⁸ i lys av kap. 1-3.¹⁹ Denne einskapen vert haldt saman ved 'fredens samband' (*τῶ συνδέσμῳ τῆς εἰρήνης*).

¹⁵Om ikkje anna er nemnt er alle bibelstader omsett av underteikna.

¹⁶*Best* 1998:364-372; *Barth* 1974:428-429.462-472; *Lincoln* 1990:237-241

¹⁷*Best* 1998:364

¹⁸*BDAG*:338, jf. v.13.

¹⁹Tenk: *indikativ – imperativ*.

Ordet *σύνδεσμος* betyr noko samanbindande. Verbformen er brukt i Kol 2:19 om-lag som *ἀφῆ* i v.16. Dette målber ein nær fellesskap, og noko meir enn ei generell fredskjensle dei kristne imellom. Det målber truleg einskapsbandet ein har ved forsoninga i Kristus (jf. Ef 2:12-18).²⁰ Ut frå den sterke formaninga, og ut frå peri-kopens utbreidte bruk av grunntalet *éitt* (i alle kjønn, v.4-6) ser vi einskapen som eit hovudtema.²¹ Denne vert utdjupa og innhaldsbestemt i v.4-6.

FEF formanar ikkje til å *skapa einskap*, men om å *halda fast på* den faktiske einskapen. Men dersom denne kan missast, er den verkeleg essensiell for kyrkja? Best meiner dette er vanskeleg å svare på, og meiner FEF ikkje prøver på det. (Eg kjem meir inn på dette under *σῶμα*-omgrepet.)

V.4. I v.4-6 ser vi FEFs 'formelmessige' opplisting av det trusinnhaldet kyrkja samlar seg om. Versa er i nærast kateketisk form, og har ein klar komposisjon og eit retorisk siktemål. Til v.4 tek eg for meg *σῶμα*-omgrepet.²² Dette er heilt sentral i Efesarbrevet, men er brukt litt annleis enn (elles) hjå Paulus (t.d. hovudtenkinga i v.15-16). FEF ynskjer truleg å fokusere på eit jødisk (positivt) syn på det lekamlege ved å distansere seg frå ein gresk-romersk dualisme der lekamen er mindre viktig (og der ein er meir komfortable med tanken om Kristus som kyrkja si 'sjel'). Vi møter *σῶμα* fyrst i 1:23 der kyrkja har ein kosmisk dimensjon som lekamen til «han som fyller alt i alle.» Vidare (i 2:16) ser vi einskapen i frelsa ved at Kristus «forsona dei begge» (dvs. Israel og heidningefolka) «med Gud, *i éin lekam.*» Lekamen kan her vise til den krossfeste, men kan *også* vise til kyrkja.

Dette er ikkje berre ein 'generell' einskapsmetafor (jf. fabelen til Menenius Agrippa), fordi kyrkja er *Kristi lekam*. Dette ser vi også hjå Paulus: «For liksom lekamen er éin, endå han har mange lemer, er alle lemene éin lekam, endå dei er mange. Slik

²⁰Jf. Rom 5:1

²¹Best 1998:635-638

²²Best 1998:189-196; TDNT VII:1077-1080

er det med Kristus òg.» (1Kor 12:12) Legg merke til kva Paulus skriv. Ikkje 'slik er det med kyrkja,' men 'slik er det med *Kristus*.²³ Som lemer på Kristi lekam er vi underlagt *han*, jf. *κύριος* (v.5).

Eg meiner Best sin påstand om at einskapen kan missast må sjåast ut frå *σῶμα*-omgrepet. Best påpeiker at nokre kommentarar, med utgangspunkt i tanken om at einskapen kan missast, hevder *πνεῦμα*²⁴ skal forståast som ei generell fellesskapsånd, «the corporate spiritual feeling of the community, something created by the community and therefore able to be lost by it.»²⁵ Eg meiner dette ikkje tek omsyn til *σῶμα*. Vi kan tenke oss at liksom lekamen vert verande éin etter ein amputasjon kan kyrkja *som sådan* halda fast på einskapen sjølv om ho skulle oppleve splid eller missa einskildsmedlemmar. Formaninga om å halda på einskapen er då ei formaning om å halda fast på Kristus, og vere eitt med han og (fylgjeleg) andre kristne.²⁶

V.5. Her møter vi tre sentrale omgrep. *Κύριος*²⁷ er brukt tre stader i Efesarbrevet (4:5; 6:9.24). Best meiner *κύριος* ikkje nødvendigvis uttrykker Kristi herredøme ('headship') over kosmos (Ef 1:10.22) eller kyrkja (Ef 4:15), sjølv om dette er sentralt i Efesarbrevet, fordi «it occurs in preformed material.»²⁸ Eg er ikkje overtydd av dette, då det er viktig å sjå korleis FEF bruker dette (eventuelt gamle) materialet, og korleis han elles bruker desse omgrepa. Eg meiner dette er ein referanse til *Shema*.²⁹ Gitt at *κύριος* er Kristus, ser vi her noko nytt i høve jødiske skrifter, ei retolking av *Shema*.³⁰

²³Fee 1987:602, fn. 12

²⁴TDNT VI:332-451, spes. 444-445

²⁵Best 1998:365

²⁶Jf. bruken av 'i Kristus.' (Best 1998:153-154)

²⁷TDNT III:1086-1095

²⁸Best 1998:368

²⁹TDNT III:1058-1062; *Lincoln* 1990:239, jf. Deut 6:4; Mark 12:29. (Der: *κύριος εἷς*.)

³⁰Waalder 2008:254-255.423-439

Πίστις.³¹ Efesarbrevet er spesifikt skrivi *til kristne* (jf. 1:1; 4:3). Difor meiner eg *πίστις* er brukt spesifikt om trusinnhaldet (*fides quae creditum*, 'den trua som vert trudd på'), og ikkje trushandlinga *som sådan* (*fides qua creditum*, 'den trua det vert trudd med').³²

Βάπτισμα.³³ Best meiner dette viser til «the Christian initiatory rite of water baptism.»³⁴ Eg tek ikkje opp spørsmålet om dåpens natur her,³⁵ men vil kort sjå på korleis det er brukt. V.5 er den einaste staden i Efesarbrevet der omgrepet *βάπτισμα* er brukt, men konseptet vert uttrykt på andre måtar. I Ef 5:25-26 les vi: «Menn, elsk konene dykkar, liksom Kristus elska kyrkja og gav seg sjølv for henne, så han kunne helga henne, med di han reinsa henne med vassbadet i ordet.» Dåpen er her noko passivt frå vår side, med Kristus som den aktive part.³⁶ Men kva er meint med 'éin dåp'? Dette kan vere eit spørsmål om symmetri (*εἷς κύριος, μία πίστις...*), men det kan også vere snakk om dåpen som initiering og underkasting under *den éine Herren*, i *den éine trua*,³⁷ eller at det berre finst éin dåp. (At det skjer éin gong ligg implisitt i dåpens natur som initiering.³⁸) I dåpen vert ein også fødd inn i Guds familie (Joh 3:3.5; Ef 2:19; 4:6).

V.6. Her er det viktig å sjå på *πατήρ*-omgrepet.³⁹ Eg går ikkje detaljert inn på dette, men vil kort peike på seks ting: (1) FEFs bruk av *εἷς θεός και πατήρ* er truleg monoteistisk, kanskje p.g.a. heidningekristne. *Πατήρ* kan her forståast i meininga

³¹TDNT VI:174-228; Best 1998:368-369

³²Moe 1956:98

³³TDNT I:529-546

³⁴Best 1998:369

³⁵For dette, sjå Sannes 1978; Schmemann 1997:37-70.

³⁶Sjå HSIWB:8-10, jf. Joh 3:3.5; Tit 3:4-7; 1Pet 3:21.

³⁷Lincoln 1990:240

³⁸Best 1998:369

³⁹TDNT V:945-1014

‘skapar,’ med *πάντων/πᾶσιν* (v.6b) forstått nøytralt, ikkje maskulint.⁴⁰ Dette kan då knytast til tanken om fornyinga av skaparverket (Rom 8:18-27). (2) Vi ser i denne teksten (v.4-6) ein trefaldig (men ikkje nødvendigis trinitarisk) samanstilling mellom *πνεῦμα*, *κύριος* og *θεὸς/πατήρ*, jf. 1Kor 12:4-6. (Samanlikn med binære formuleringar i t.d. 1Kor 8:6.)⁴¹ (3) *Πατήρ* må forståast patriarkalsk, ut frå samfunnsstrukturen.⁴² Gud vert i NT likna med *ὁ οἰκοδεσπότης*,⁴³ og vi ser ein blanding av familie- og kongerikemetaforane.⁴⁴ Reidar Hvalvik påpeiker at frasen *ἡ ἐκκλησία του θεοῦ* «can only be understood in the sense “the church that belongs to God,” a phrase which makes sense only if the assembly consists of “the people of God.”»⁴⁵ (4) For mange kristne vart kyrkja ein ny familie, som erstatning for den familien dei evt. tapte då dei konverterte.⁴⁶ (5) Gud arbeider gjennom bestemte menneske,⁴⁷ og *delegerer* autoritet, jf. t.d. apostlane.⁴⁸ (6) I v.4-6, som ‘legg ut’ *ἐνότης*, ser vi ein kulminasjon nettopp i *den éine* Gud og Far.

Einskapen i kyrkja er den einskapen vi har i Kristus, under Gud som *paterfamilias*. Den består i eit personleg fellesskap med Gud og med andre kristne, samla om trusinnhaldet (jf. Ef 1:23; 2:18-22).

Ef 4,11-16: *Einskap og vokster i kyrkja*

11 Og han gav på den eine sida apostlane, på den andre profetane, vidare evangelistane, vidare hyrdingane og lærarane, 12 for utrustinga av dei heilage til

⁴⁰Best 1998:370-371

⁴¹Sjå Waaler 2008:252-255

⁴²Sandnes 1994:47-111

⁴³TDNT II:44-49. Lat.: *paterfamilias, patria potestas* (Sandnes 1994:93-111; Saller 1986)

⁴⁴Matt 13:24-30.36-43.52; 20:1-16; Luk 12:32; Joh 3:3.5, m.m.

⁴⁵Hvalvik 2007:233

⁴⁶Sandnes 1994:21-22.65.83-86

⁴⁷Brueggemann 2008:28.165

⁴⁸Jf. Matt 16:18-19; 18:18; 20:20-28; Joh 20:21-23; Apg 2:42; 5:10-13; 1Kor 4:1; Hebr 13:7.17.

tenestegjering, til oppbygging av Kristi lekam, 13 inntil vi alle kan nå fram til einskapen i trua og i kjennskapet til Guds Son, til mogen manndom, til aldersmålet for Kristi fullnad. 14 Så skal vi ikkje lenger vera som born, kasta hit og dit, og drivne omkring ved kvart vindpust av ny lære, så vi blir eit bytte for menneska sitt falske spel og villfaringa sine listige kunster. 15 Men vi skal vere trufaste mot sanninga i kjærleik og i eitt og alt veksa opp til han som er hovudet, Kristus. 16 Frå han vert heile lekamen samanknytt og sameina ved kvart støttande band, alt etter den oppgåva kvar einskild lem har fått tilmålt. Slik kan lekamen veksa sin vokster til si oppbygging i kjærleik.

I v.11-16 kjem vi inn på korleis kyrkja sin einskap vert verna om og utbreidd, ved medlemene og embetsberarane i kyrkja.

V.11-12.⁴⁹ Ved verbet *ἔδωκεν*⁵⁰ ser vi at FEF (1) skiljer mellom forskjellige typar funksjonar, tenester eller embete som (2) er gjeve av Kristus sjølv, jf. v.7-10. Eg tolker *ἔδωκεν* i lys av bruken/tolkinga av Sal 68:19 i Ef 4:8-10.⁵¹ Apostlane, profetane, etc. er konkretiserte gåver til kyrkja. Fokuset er på Guds *kall* (gr. *κλησις*, v.4),⁵² noko som gjer det unaturleg med eit skilje mellom det personale og det funksjonelle.⁵³

Eg meiner FEF viser til embeta ('apostlane,' 'profetane,' etc.) i sin bestemte form. Dette har utgangspunkt i artikkelbruken, der eg tolker artiklane (*τοὺς*) til å stå til dei respektive substantiva (*ἀποστόλους, προφήτας*, etc.).⁵⁴ Eg meiner FEF viser til apostlane (og profetane) i bestemt historisk form (jf. Ef 2:20; 3:5), og at desse var knytt til ein gitt kontekst.⁵⁵ Forskjellen frå dei andre embetsberarane ligg i apostlane og profetane sine særskilde kall frå Gud og/eller Kristus.⁵⁶ Kanskje byggjer dei

⁴⁹Best 1998:388-399; Barth 1974:435-440.477-484; Lincoln 1990:248-255

⁵⁰BDAG:242-243

⁵¹Til dette, sjå Smith 1975

⁵²TDNT III:491-492, jf. *ἐκκλησία* (s.509-513)

⁵³Baasland 1993:193

⁵⁴Lincoln 1990:223.249

⁵⁵Det kan kanskje (også) ha vore ein form for 'NT-profetar.' (Lincoln 1990:153)

⁵⁶DSF:139, jf. 1Sam 3:1ff; Jes 6:1ff; Esek 1:1ff; Matt 4:18-22; Joh 20:21-23; Gal 1:1.

to/tre andre embeta på apostel- og profetgrunnvollen. Embetsberarane opererer med ein autorisasjon frå Kristus. Dette er knytt til *Ordet*, i forkynning, læring og formaning.⁵⁷ Eg skal kort gå inn på to (tre) av embeta i v.11.

Ἀπόστολος-omgrepet⁵⁸ er sentralt i NT, og tyder ein 'utsending.' Bakgrunnen kan vi finne i det jødiske *shaliach*, som var ein fullmektig representant.⁵⁹ Ein *apostel* var ein mann⁶⁰ med full autorisasjon, slik vi t.d. ser i Joh 13:16 der *ἄπόστολος* ofte vert omsett med 'utsending.' Apostel-omgrepet i NT er vidare brukt i meininga 'bodbringar,' jf. bruken av *κηρυξ* ('herold') i 1Tim 2:7 og 2Tim 1:11.⁶¹ Apostlar og profetar kan høyre fortida til (Ef 2:20; 3:5), men hyrding- og læreembeta held fram.⁶² Apostelkallet har mange likskapstrekk med profetkallet i GT, med apostlane som Guds og Kristi utsendingar og representantar.⁶³ Denne forståinga meiner eg er reflektert i vigslinga av Mattias (Apg 1:15-26), og spesielt bruken av Sal 109:8: «For det står skrive i Salmane: ... *Lat ein annan taka tilsynstenesta hans!*» (Apg 1:20ac) Apostolatet er ei konkret, tidsavgrensa teneste, gitt til spesifikke Kristusvitne (v.21-22), som vart innsett (her ved loddkasting, v.26).⁶⁴

Hyrdingane og lærarane er tett knytt saman.⁶⁵ Då vi berre finn éin artikkel i *τοὺς δὲ ποιμένας καὶ διδασκάλους*, er dette truleg *eitt* embete, evt. er dei same personane både hyrdingar og lærarar. Dette kan (saman med evangelistane) tenkast som eit framhald av (eller eit vern om) det apostoliske. Dette kan etter kvart ha utvikla

⁵⁷ *Aalen* 1979:182-183

⁵⁸ *TDNT* I:413-443; *Synnes* 1996:75-77

⁵⁹ *TDNT* I:421

⁶⁰ *TDNT* I:421

⁶¹ *TDNT* I:422-433

⁶² *Moe* 1956:104-105

⁶³ *TDNT* I:423; *Synnes* 1996:76

⁶⁴ Om ordinasjon i NT, sjå *Skjevesland* 1993:201.

⁶⁵ *Barth* 1974:438-439 (*teaching shepherds*); *Aalen* 1979:185-186.

seg til dei seinare bispe- og presteembeta.⁶⁶ Dette kan vi kanskje sjå hjå Ignatius av Antiokia ein stad mellom 107-117, sannsynlegvis 110.⁶⁷

Embetsberarane sitt oppdrag er å verne om og breie ut einskapen ved forkynning og undervising. I v.12, ved tre preposisjonsfraser (*πρὸς τὸν καταρτισμὸν*;⁶⁸ *εἰς ἔργον διακονίας*; *εἰς οἰκοδομὴν*), går FEF inn på samanhengen mellom embetsberarane og andre kristne (*οἱ ἄγιοι*).⁶⁹ Eit viktig spørsmål er korleis ein skal forstå forholdet preposisjonsfrasene imellom, og deira forhold til *ἔδωκεν*.⁷⁰ Er forholdet mellom preposisjonsfrasene sideordna eller underordna? Ei *sideordna* omsetjing kan sjå slik ut: «...for utrustinga av dei heilage, til tenestegjering, til oppbyggjing av Kristi lekam.»⁷¹ Dette kan opne for ei ‘høgkyrkjeleg,’ ‘aristokratisk-klerikal’ lesing. Ei *underordna* omsetjing kan sjå slik ut: «...for utrustinga av dei heilage til tenestegjering, til oppbyggjing av Kristi lekam.»⁷² Det kan opne for ei ‘lågkyrkjeleg-demokratisk’ lesing.

Eg meiner ei *underordna lesing*, der den fyrste preposisjonen (*πρὸς*) er knytt direkte til *ἔδωκεν*, og der dei to neste preposisjonane (*εἰς*) er underordna den fyrste, er den mest sannsynlege lesinga,⁷³ men dette hindrar ikkje nødvendigvis ei ‘høgkyrkjeleg’ lesing. Teksten opnar framleis for ei ‘tenestedifferensiering’ der embetsberarane (ved forkynning og undervising) kan utruste dei heilage til tenestegjering som fører til «oppbyggjing av Kristi lekam.» Desse tekstane bør lesast i sin rette historiske og kulturelle kontekst, ikkje redusert til ein sekulær eller etymologihis-

⁶⁶Aalen 1979:185-186

⁶⁷Baasland & Hvalvik 1997:36-37.41-44; Ehrman 2003:203-205

⁶⁸Hap.leg., jf. verbet *καταρτίζω* (i t.d. Matt 4:21).

⁶⁹TDNT I:107-110; Hvalvik 2007:236-241

⁷⁰Best 1998:397-399; Barth 1974:478-484; Granados Rojas 2011

⁷¹Ei liknande løysing er valt i KJV.

⁷²Ei liknande løysing er valt i NN2011.

⁷³For eit anna perspektiv, sjå Moe 1956:93.106-107; Gordon 1994:69-78

torisk lesing, men inkludert den kristne kulturen desse tekstane vart skrivne inn i, spesielt arven frå GT og NT elles. Eg meiner det finst ein viss struktur for kyrkja sin *orden* i NT, basert på hovudtenking og apostelautoritet.⁷⁴ Vi ser også ei utvikling i slik retning i tida rett etter apostlane.⁷⁵ Ein 'høgkyrkjeleg' embetstanke utvikla seg særst tidleg, t.d. ved Ignatius av Antiokia. (Sjå spesielt *Ign Smyr 8*.⁷⁶) Dette vert også reflektert i tolkingshistoria.⁷⁷

Kyrkja ligg under Gud som *paterfamilias*, og han kan *delegere* autoritet (jf. *ἀπόστολος*-omgrepet). Ved forkynning, læring og formaning vernar embetsberarane om kyrkja sin einskap, og gjev den nye nedslagsfelt.⁷⁸ For Paulus er dette heilt sentralt. «Korleis, då, kan dei kalla på han dei ikkje har trudd på? Og korles kan dei tru på ein dei ikkje har høyrte om? Og korleis kan dei høyra utan at nokon forkynner?» (Rom 10:14, jf. v.9-17)

Men det er viktig å påpeike at ein slik organisatorisk struktur er eit *middel*, ikkje eit *mål*, jf. v.12. Ein organisasjons mål er «å fremme ett eller flere formål, eller sett av verdier.»⁷⁹ Formålet med embeta (*middelet*) er dei heilage si utrusting til teneste, og oppbygginga av Kristi lekam, *inntil* (gr. *μέχρι*, v.13) vi når fram til einskap og fullending (*målet*).

V.13-16.⁸⁰ I v.13, ved tre sideordna preposisjonsfraser (*εις την ένότητα; εις άνδρα τέλειον; εις μέτρον ηλικίας*), klargjer FEF innhaldet i v.11-12. Det fyrste vi må spørje, er om FEF her introduserer ein motsetnad. Er einskapen (*ένότης*) noko *gitt*

⁷⁴Østereng 2007:3b, jf. Matt 16:18-19; Gal 2:8-9 Ef 1:22-23; 2:20; Kol 2:9-10; 2Tim 1:6, m.m.

⁷⁵Østereng 2007:3b; Brown 1984

⁷⁶Ehrman 2003:302-305

⁷⁷Ved. t.d. Johannes Chrysostomos (*Best 1998:397; Granados Rojas 2011:94-95, Schaff 1995:104*)

⁷⁸*Best 1998:393-394; Baasland 1993:181-197; Østereng 2007:3a*, jf. Ef 4,3.11-13; Hebr 13:7.17

⁷⁹Berg 2009

⁸⁰*Best 1998:399-413; Barth 1974:440-451.484-496; Lincoln 1990:255-264*

(v.3), eller noko *vi kan nå fram til* (v.13)?⁸¹ Eg meiner dette må knytast til Kristus, i lys av hovudtenkinga og vokstertanken (v.15-16).⁸² Djupast sett *er* Kristus einskapen (jf. 1Kor 12:12), og denne kan modnast i dei kristne ved heilaggjeringa.⁸³ Einskapen er konstituert i Kristus, gitt i og med han, og ein har del i dette ved å vere ein del av Guds familie, jf. Ef 2:19; 4:6. Men vi er ikkje fullkomne og må veksa i Kristus til meir einskap.

Einskapen er her knytt til kunnskap og kjennskap, i kontrast til det barnslege ('born,' *νήπιοι* i v.14.⁸⁴) Med presenspartisippen *ἀληθεύοντες* (v.15)⁸⁵ ('verande tru mot sanninga, talande sanning') gjev FEF ein 'motgift' til det umodne (v.14); å halda på sanninga i kjærleik, veksa i Kristus. Dette tyder ikkje berre å tale sant, men å aktivt vedkjenne, forkynne, lære og formane ut frå evangeliet, både til kristne og ikkje-kristne. Dette skal gjerast *i kjærleik*, «ikke i blind nidkjærhet.»⁸⁶

Med *ἐξ οὗ* ('frå han,' v.16)⁸⁷ utdjuper FEF voksteren. Dette viser tilbake til *Χριστός* (v.15), ikkje berre til *κεφαλή*.⁸⁸ Kristus (som person) «er på en gang målet for veksten og roten til den.»⁸⁹ Lekamen vert «samanknytt og sameina» (*συναρμολογούμενον καὶ συμβιβασόμενον*). Den presentiske partisippforma indikerer at dette er noko vedvarande som krev noko av lemene.⁹⁰ Dette samhaldet vert så halde oppe «ved kvart støttande band» (*διὰ πάσης ἀφῆς τῆς ἐπιχορηγίας*). Her ser vi at FEF tyr

⁸¹ *Best* 1998:364-366.400

⁸² *Best* 1998:190.406-413

⁸³ Jf. FEFs bruk av nemninga *dei heilage* (jf. 1:1.18; 3:18; 5:3).

⁸⁴ *TDNT* IV:912-923, jf. 1Kor 13:11-12; Hebr 5:12-14, 6:1-2

⁸⁵ *Aalen* 1979:199, jf. Rom 10:8-10

⁸⁶ *Moe* 1956:110. Om *ἀγάπη*, sjå *TDNT* I:21-55, spes. 49-52.

⁸⁷ *Moe* 1956:110-111

⁸⁸ *Best* 1998:410

⁸⁹ *Moe* 1956:110

⁹⁰ *Best* 1998:410, jf. Kol 2:19 (*Best* 1998:409). *Best* meiner koplinga til Kol 2:19 er overdriven.

til dåtidas fysiologiske kunnskap.⁹¹ Ἀφή ('band, ligament, leddband') målbar noko som haldt lekamen saman, distribuerte næring og som var det hovudet kontrollerte lekamen med. Ein bør likevel ikkje dvele for mykje ved dette fordi «Ephesians is written not for medical experts but for ordinary people.»⁹² Dette kan lesast i høve til σύνδεσμος i v.3, som ein meir eller mindre teknisk metafor for å understreke einskapen og sambandet mellom dei forskjellige lemene. Nokre kommentatorar identifiserer ἀφή med embetsberarane, men eg trur ikkje det er truleg, sett i lys av min eksegese av v.11-12.

Dei to preposisjonsfrasene i κατ' ἐνέργειαν ἐν μέτρῳ ἐνὸς ἐκάστου μέρους fortel oss at lekamens (kvalitative, og ikkje kvantitative) vokster og samband ikkje utelukkande er knytt til embeta, men til alle kristne, sjølv om fyrstnemnde er sett til å utruste sistnemnde.⁹³ Her trur eg vi må tilbake til v.7-8. Vi les: «Men til kvar einskild av oss er nåden gjeven, etter tilmålinga av Kristi gåve.» (v.7)

Nåden (χάρις) er truleg brukt i meininga 'nådegåve,' og ikkje som 'frelsende nåde,' med mindre ein meiner Kristus måler ut forskjellig grad av frelse.⁹⁴ (Det er eit poeng at dette ikkje er naturlege talent, men nådegåver gitt til kyrkjemedlemmane.⁹⁵) Poenget er utrustinga. Eg går ikkje inn på kva desse gåvene kan vere. Til det er det naturleg å vise til t.d. 1Kor 12, spes. v.4-6;⁹⁶ v.12-14;⁹⁷ og v.27-31,⁹⁸ der vi også finn ein lekamleg einskapsmetafor.

⁹¹ Best 1998:411; Lincoln 1990:262-263

⁹² Best 1998:409

⁹³ Best 1998:412-413; Lincoln 1990:263, jf. Ef 4,11-12

⁹⁴ Best 1998:377

⁹⁵ Best 1998:375

⁹⁶ Fee 1987:586-589

⁹⁷ Fee 1987:600-609

⁹⁸ Fee 1987:616-625

Vi ser her ein 'dialektikk' mellom det 'vertikale' (Kristus og kyrkja) og det 'horisontale' (medlemmane som med-lemer).⁹⁹ *Ein* var gjennomgangstema i v.4-6, medan *kvar og ein* er gjennomgangstema i v.7-16. Slik knyt FEF saman einskapen og mangfaldet.¹⁰⁰ Einskapen og voksteren kjem frå Kristus, ikkje i form av ei monoman einsretting, men i eit 'einskapleg mangfald' som på forskjellig vis vernar om og breier ut einskapen. Dette fører til kyrkja sin vokster og hennar «oppbygging i kjærleik.»

4 Oppsummering

Oppgåvas problemstilling har vore denne: *Kva består kyrkja sin einskap i, kva samlar ein seg om, og på kva måte vert denne einskapen verna om og utbreidd?*

Eg meiner kyrkja sin einskap består i eit personleg forhold til Gud som *paterfamilias*, som del av hans famile og lem på Kristi lekam. Ein samlar seg om kyrkja sitt *trusinnhald*, det FEF på ein nærast kateketisk måte tek for seg i v.4-6. Og denne einskapen vert verna om og utbreidd ved kyrkja sine medlemmer, både embetsberarane og andre kristne.

Eg set ikkje med dette ein konklusjon, men vil hevde at Efesarbrevet på ein særskild måte uttrykkjer både kyrkja sin einskap og hennar universalitet. Personleg les eg nok dette i ein meir 'høgkyrkjeleg' retning fordi (1) teksten opnar for det; (2) tolkingshistoria i dei fyrste hundreåra heller i den retninga; (3) utviklinga i kyrkja sitt embetssyn kom såpass tidleg at dette bør kunna få prega vår tolking (sjølv om dette nok ikkje er absolutt); og (4) eg er overtydd om dette ut frå eit heilskapssyn på bibel, teologi og ekklesiologi. (Men eg har ikkje lagt dette til grunn for eksegesen.)

I v.3 formanar FEF om å halda fast på einskapen, i v.4-6 les vi om einskapen i

⁹⁹*Best* 1998:411

¹⁰⁰*Best* 1998:375

Kristus *som sådan*, og alt det den inneber, og i v.11-16 les vi korleis denne einskapen (for den einskilde kristne og for kyrkja si skuld) på forskjellig vis kan vernast om, modnast, og få nye nedslagsfelt, ut frå eit mangfald av gåver og tenester. Olaf Moe uttrykker det bra. I si samanfatting av Ef 4:1-16 påpeiker han at FEF manar «til innbyrdes enighet, slik som menighetens organiske enhet krever det. Nådegavenes ulikhet skal ikke hindre, men meget mer fremme enheten i Kristus.»¹⁰¹

¹⁰¹Moe 1956:110-111

5 Forkortingar og litteratur

Forkortingar

BDAG: Bauer & Dankers gresk-engelske leksikon for NT og tidleg kristen litteratur

DSF: *Den store fortellingen* av Hvalvik og Stordalen

Hap.leg.: *Hapax legomenon*

HSIWB: *The Hope of Salvation for Infants Who Die Without Being Baptised*, eit dokument frå Den katolske kyrkja sin internasjonale teologiske kommisjon

ICC: *The INTERNATIONAL CRITICAL COMMENTARY on the Holy Scriptures of the Old and New Testaments*, red. av J.A. Emerton, C.E.B. Cranfield & G.N. Stanton

Ign Smyr: Ignatius av Antiokia sit brev til forsamlinga i Smyrna. (Her fylgjer eg forkortingane som er å finne i *Baasland & Hvalvik* 1997)

JETS: *Journal of the Evangelical Theological Society*. (Sjå <http://www.etsjets.org/JETS>)

KJV: *The Holy Bible: King James Version*

NA27: *Novum Testamentum Graece* (Nestle-Aland utg. 27)

NICNT: *The New International Commentary on the New Testament*, red. av N.B. Stonehouse, F.F. Bruce & G.D. Fee

NN2011: Bibelselskapets nynorskomsetjing av Bibelen frå 2011.

TDNT: *Theological Dictionary of the New Testament*

WBC: *Word Biblical Commentary*, red. av B.M. Metzger, D.A. Hubbard & G.W. Barker

Litteratur

- Aalen, S. (1979). *Efesebrevet kap. 1,1-5,15*. Oslo: Menighetsfakultetet (Skrivestua)
- Barth, M. (1974). *Ephesians. A new translation with introduction and commentary*. Anchor Bible. Garden City, NY: Doubleday (2 vol.)
- Bauer, W. (2001). *A Greek-English Lexicon of the New Testament and Other Early Christian Literature*. Third ed. Revised and edited by Frederick William Danker. University Of Chicago Press
- Baasland, E. (1993). «Ledelsesstrukturer i den eldste kirke.» *Reform og embete. Festskrift til Andreas Aarflot på 65-årsdagen den 1. juli 1993*. Redigert av Per-Otto Gullaksen et.al. Oslo: Universitetsforlaget, s.181-197
- Baasland, E. & Hvalvik, R. (red.) (1997). *De apostoliske fedre*. I norsk oversettelse med innledninger og noter. Oslo: Luther
- Berg, O.T. (2009). «Organisasjon.» *Store norske leksikon*. På nett: <http://bit.ly/vleHVG> [Henta frå snl.no, 04.11.2011]
- Best, E. (1998). *Ephesians*. ICC. Edinburgh: T&T Clark
- Bibelen: Den heilage skrifta*. Oslo: Det norske bibelselskap 2011
- Brown, R.E. (1984). *The Churches the Apostles left behind*. New York: Paulist Press
- Brueggemann, W. (2008). *Old Testament Theology. An introduction*. Nashville, TN: Abingdon Press
- Carson, D.A. & Moo, D.J. (2005). *An Introduction to the New Testament*. 2nd ed. Grand Rapids, MI: Zondervan
- Ehrman, B.D. (2003). *The Apostolic Fathers*, vol 1. Edited and Translated by Bart D. Ehrman. Cambridge, MA: Harvard University Press
- Fee, G.D. (1987). *The First Epistle to the Corinthians*. NICNT. Grand Rapids, MI: Eerdmans
- Gordon, T.D. (1994). «“Equipping” Ministry in Ephesians 4?» *JETS* 37, s.69-78.
På nett: <http://bit.ly/tibZ3O> [.pdf-fil, henta frå etsjets.org, 04.11.2011]
- Granados Rojas, J.M. (2011). «Ephesians 4,12. A Revised Reading.» *Biblica* 92, s.81-96
- The Holy Bible: King James Version*. Peabody, MA: Hendrickson Publishers 2004

- The Hope of Salvation for Infants Who Die Without Being Baptised*. Eit dokument frå Den katolske kyrkja sin internasjonale teologiske kommisjon. På nett: <http://bit.ly/bbrNKO> [Henta frå vatican.va, 04.11.2011]
- Hvalvik, R. (2007). «“The Churches of the Saints”: Paul’s Concern for Unity in His References to the Christian Communities.» *TTK* 78, s.227-247
- Hvalvik, R. & Stordalen, T. (1999). *Den store fortellingen. Om Bibelens tilblivelse, innhold, bruk og betydning*. Oslo: Det norske bibelselskap
- Leivestad, R. (1996). *Nytestamentlig gresk grammatikk*. 3. utg. ved Bjørn Helge Sandvei. Oslo: Universitetsforlaget
- Lincoln, A.T. (1990). *Ephesians*. WBC, vol. 42. Nashville, TN: Thomas Nelson
- Metzger, B.M. (1975). *A textual commentary on the Greek New Testament*. Corrected ed. London: United Bible Societies
- Moe, O. (1956). *Paulus’ brev til Efeserne*. Innledet, oversatt og fortolket. Oslo: Aschehoug
- Novum Testamentum Graece* (Ed. by E. Nestle & K. Aland), utg. 27. Stuttgart: Deutsche bibelgesellschaft 1993
- Saller, R. (1986). «*Patria potestas* and the stereotype of the Roman family.» *Continuity and Change* 1, s.7-22
- Sandnes, K.O. (1994). *A New Family. Conversion and Ecclesiology in the Early Church with Cross-Cultural Comparisons*. Bern: Lang
- Sannes, K.O. (1978). *Dåpen og dens plass i kirkens liv*. Oslo: Aschehoug
- Schaff, P. (1995). *Nicene and Post-Nicene Fathers*, ser. 1, vol. 13. Peabody, MA: Hendrickson Publishers. På nett: <http://bit.ly/nBRG21> [Henta frå ccel.org, 04.11.2011]
- Schmemmann, A. (1997). *Of Water and the Spirit*. Crestwood: SVS Press
- Skjevesland, O. (1976). *Kirken i Det nye testamente*. Oslo: Andaktsbokselskapet (Verbum)
- Skjevesland, O. (1993). «Ordinasjonen i Det nye testamentet.» *Reform og embete. Festskrift til Andreas Aarflot på 65-årsdagen den 1. juli 1993*. Redigert av Per-Otto Gullaksen *et.al.*. Oslo: Universitetsforlaget, s.199-212
- Skjevesland, O. (1998). *Morgendagens menighet. Ledelse og livsform*. Oslo: Verbum

- Smith, G.V. (1975). «Paul's use of Psalm 68:18 in Ephesians 4:8.» *JETS* 18, s.181-190.
På nett: <http://bit.ly/sEvcUS> [.pdf-fil, henta frå etsjets.org, 13.11.2011]
- Synnes, M. (1996). *Vakthold om "Den skønne skatt" (ἡ καλή παραθήκη). Innføring i pastoralt brevene og kommentar til første Timoteusbrev*. Oslo: Luther
- Theological Dictionary of the New Testament*. (Forskjellige redaktørar). Grand Rapids, MI: Eerdmans 1971 (10 vol.)
- Waler, E. (2008). *The Shema and the First Commandment in First Corinthians: an intertextual approach to Paul's re-reading of Deuteronomy*. (Wissenschaftliche Untersuchungen zum Neuen Testament 2.Reihe). Tübingen: Mohr Siebeck
- Østereng, D.Ø. (2007). «Kirkelig fellesskap – med hvem – om hva?» Foredrag til innledning ved seminar på Fjellhaug skoler 14. februar 2007. På nett: <http://bit.ly/qgqUmS>
[Henta frå kyrkja.net, 04.11.2011]